



ALLTID BEREDT

Referat frå styremøte i Ryvarden krets av NSF

Tid:	Torsdag 4. jan. 2022 kl. 20:00
Stad:	Zoom videochat
Tilstades:	Erik Bloch, Marius Johannessen, Øyvind Gulliksen, Karl Andreas Karlsen, Sigbjørn Tveit (vara), Magnus M. Aronsen (Vara)
Frå adm.:	Hildegunn L. Fjelland
Andre:	
Forfall:	Solveig Lanes, Harald-Andreas Hansen (vara)
Referent:	Hildegunn L. Fjelland

Kretsleiar leia styremøte.

Saksliste

RK-sak 01/2022	Godkjenning av innkalling og saksliste
RK-sak 02/2022	Godkjenning av referat frå styremøte 11. november 2020
RK-sak 03/2022	Rekneskap for 2021
RK-sak 04/2022	Budsjett for 2022
RK-sak 05/2022	Årsmelding for 2021
RK-sak 06/2022	Forslag frå valkomitèen
RK-sak 07/2022	Terminliste 2022
RK-sak 08/2022	Evaluering av roverstøtte
	Eventuelt

RK-sak 01/2022: Godkjenning av innkalling og saksliste

Ingen merknadar.

VEDTAK: Innkalling og saksliste vert godkjent.

RK-sak 02/2022: Godkjenning av referat frå styremøte 30. oktober 2021

Ingen merknader til referatet.

VEDTAK: Referatet frå styremøtet 30. oktober 2021 vert godkjent.

RK-sak 03/2022: Rekneskap for 2021

Rekneskap for 2021 vart ikkje klart til kretsstyremøtet.

VEDTAK: Kretsstyret går gjennom rekneskap for 2021 på neste møte.

RK-sak 04/2022: Budsjett for 2022

Kretsstyret vil justere følgande inntekter og utgifter i budsjettet for 2022:

- 3200 Medlemskontingenter – redusere frå 140 000 til 130 000
- 3210 Inntekter, kurs og samlinger – redusere frå 20 000kr til 15 000kr.
- 3230 Inntekter, kretstingets årsmøte – Føre opp 0kr i inntekter grunna digitalt møte.
- 3240 Inntekter, roveraktiviteter – redusere frå 5000kr til 1000kr
- 3250 Inntekter, festivalleir – redusere frå 45 000kr til 30 000kr.

- 6230 Kretstingets årsmøte – Føre opp 0kr i utgifter grunna digitalt møte.
- 6340 Strøm – Auke frå 10 000kr til 15 000kr.
- 7140 Reiseutgifter, kretsstyret – Auke frå 1000kr til 3000kr.
- 7420 Gaver – Auke frå 1000kr til 3000kr.

VEDTAK: Budsjett for 2021 vert godkjent med endringar i postane ovanfor.

RK-sak 05/2022: Årsmelding 2021

Ingen merknadar

VEDTAK: Årsmelding for 2021 vert godkjent.

RK-sak 06/2022: Forslag frå valkomiteen

Det manglar framleis kandidatar til kretsstyret, valkomiteen, speidartinget og speidarforum.

Valkomiteen jobbar vidare med å finne personar som er villige til å ta på seg verv.

VEDTAK: Forslaga frå valkomiteen vert godkjent.

RK-sak 07/2022: Terminliste 2022 og vår 2023

Ingen merknadar

VEDTAK: Terminlista vert godkjent.

RK-sak 08/2022: Evaluering av roverstøtte

På kretstingets årsmøte i 2019 var det vedtatt å opprette ei støtteordning for roverar som deltek på nasjonale roverarrangement. Det vart også vedtatt at denne ordninga skulle evaluerast etter to år. I fjor valte kretsstyret å utsetje evalueringa grunna lite grunnlag å evaluere den på. Dei siste åra har det vore lite nasjonale arrangement å delta på, og kretsstyret har difor ikkje mottatt søknadar om støtte frå roverar. I 2019 mottok kretsstyret fem søknadar om støtte.

Kretsstyret syntes ordninga med at roverar kan få støtte til å reise på nasjonale arrangement er veldig positiv. Dei ynskjer at kretsen skal bidra til at roverar kan vere aktive på nasjonale arrangement. Kretsen har også god økonomi. Kretsstyret vil difor halde fram med støtteordninga for roverar som deltek på nasjonale arrangement. Sidan støtteordninga vart oppretta har det vore budsjettert med 15 000kr. Denne summen kan justerast opp eller ned i budsjettet, alt etter behov. Dette vil kretsstyret vurdere kvart år.

VEDTAK: Støtteordninga for roverar som deltek på nasjonale roverarrangement vert ståande slik den er per dags dato.

Eventuelt

- Kretskonkurranseskomiteen treng to nye medlemmar. Magnus Aronsen ynskjer å vera med.
- Det vert nytt kretsstyremøte tysdag 11. januar kl.20 for å sjå på dei siste sakene før årsmøtet.